



Kopimottakar
Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Omgjering av heimelsovergang

Fakta

3. mai 2016 ervervar Hordaland Fylkeskommune gnr. 53 bnr. 5 i Voss mot eit vederlag på 370.000 kr (jf. vedlegg 1).

Denne eigedomen vart oppretta ved skyldeling tinglest 1. des. 1954. I tida før 3. mai 2016 var 53/5 eit feste med Hordaland Fylkeskommune som festar og Asle Gjeraker som heimelshavar.

Festetomta gnr. 53 bnr. 1 fnr. 3 vart etablert 21. mars 1951 (jf. vedlegg 1).

Kommunen forheld seg til desse fakta. Dersom dette ikkje er tilfelle ber ein om tilbakemelding frå Kartverket og kommunen vil retta seg etter evt. nye opplysningar.

Overdraginga av 53/5 i 2016 vart gjennomført med eigenfråsegn datert 8/3 – 2016, bekrefta av Voss kommune ved underteikna (jf.vedlegg 4.)

Det kommunen har oppdaga i ettertid er at eigenfråsegna hadde uriktig opplysning.

Det vart opplyst at 53/5 var bebygd. Det viser seg ikkje å vera riktig. Bygget står på 53/1/3 som vart etablert 21. mars 1951. Festetomta 53/1/3 er den dag i dag ikkje registrert i kartet men ligg som vedlegg 1 viser.

Det er Asle Gjeraker som er heimelshavar og Hestavangen Dyreklinikk AS som er festar av arealet på 53/1/3. Hestavangen Dyreklinikk AS eig bygget , eit bygg brukt som bustad av festarar.

I kommuneplan er 53/5 LNF areal. 53/1/3 er utlagt til undervisningsføremål jf. vedlegg 2.

Dette betyr at 53/5 etter dagens regelverk, ubebygd 12,5 da LNF areal, krev konsesjondvedtak og må underleggjast prisregulering som fulldyrka areal.

Kommunen har 14. mars 2018 (jf. vedlegg 3) oppfordra Hordaland Fylkeskommune til å søkja konsesjon, men registrerer etter 3 månader at det ikkje har skjedd.

Med dette utgangspunktet ber Voss kommune om at heimelsovergang vert reversert til status før 3. mai 2016. Dette gir kommunen høve til å få eigedomsoverdraginga i riktig spor i høve regelverket. Det er viktig at lova og regelverket vert handsama likt for alle.

Med helsing
Voss kommune
Næring

Anders Gjøstein


Anders Gjøstein

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Vedlegg:
kart 53-5 og 53-1-3.pdf
kommuneplan.pdf



Vedlegg 1.



Vedlegg 4.



Landbruksdirektoratet
Eiendomsdirektoratet

Egenerklæring om konsesjonsfrihet ved erverv av fast eiendom mv.

Fastsatt i medhold av forskrift 8. desember 2003 gitt i medhold
av konsesjonsloven av 28. november 2003 nr. 98 § 8

1. Erklæringen må bekreftes av kommunen der eiendommen ligger.
2. Bekreftet erklæring sendes sammen med skjøte til Kartverket Tinglysning, Postboks 600 Sentrum, 3507 Hønefoss

1. Erververs (ny eiers) navn

Slektsnavn, for- og mellomnavn
Hordaland Fylkeskommune

Fødselsdato (dd.mm.åååå)	Organisasjonsnr. (9 siffer) - kun for firmaer 938626367	
--------------------------	--	--

Adresse Agnes Mowinckelsgt. 5	Postnr 5020	Poststed Bergen
----------------------------------	----------------	--------------------

2. Eiendommen ervervet gjelder

Gnr., bnr., festenr. e.l. Gnr. 53 bnr.5	Eierandel 1/1	Kommunens navn Voss
--	------------------	------------------------

ERKLÆRING FRA ERERVER (NY EIER) OM KONSESJONSFRIHET KONSESJONSFRIHET PÅ GRUNN AV SLEKTSKAP/EKTESKAP/SVOGERSKAP/USKIFTE

3. Landbrukseiendom med boplikt

- A Jeg har overtatt landbrukseiendom fra nær familie. Landbrukseiendom vil her si en eiendom som:
 - har mer enn 25 dekar fulldyrka og/eller overflatedyrka jord eller mer enn 500 dekar produktiv skog, OG
 - har bebyggelse som er eller har vært i bruk som helårsbolig, ELLER
 - har bebyggelse som er tillatt oppført som helårsbolig, men som ikke er tatt i bruk som det, ELLER
 - har bebyggelse under oppføring der tillatelse er gitt til oppføring av helårsbolig
- B Jeg er klar over at jeg må søke konsesjon dersom jeg ikke selv skal bosette meg på eiendommen innen ett år og bo der i minimum 5 år
- C Jeg er klar over at konsesjonsfriheten er betinget av at overdrager/selger/arvelater har sitt konsesjonsforhold i orden

Kryss av eller fyll ut det/de punktene som passer, under

- D Jeg har overtatt eiendommen fra ektefelle, partner eller samboer (se rettledningen punkt 3 om samboere), eventuelt som arv eller i uskifte (hvis du har overtatt i uskifte, se rettledningen punkt 3 om botid)
- E Jeg har odelsrett til eiendommen
- F Jeg er beslektet eller besvogret med overdrager/selger/arvelater på følgende måte:
Jeg er overdragars: (fyll ut – eks. "sønn")

4. Annen eiendom

- A Jeg har fra nær familie overtatt eiendom som ikke faller inn under punkt 3
- B Jeg er klar over at konsesjonsfriheten er betinget av at overdrager/selger har sitt konsesjonsforhold i orden
- Kryss av eller fyll ut det/de punktene som passer, under
- C Jeg har overtatt eiendommen fra ektefelle, partner eller samboer (se rettledningen punkt 3 om samboere), eventuelt som arv eller i uskifte
- D Jeg er beslektet eller besvogret med overdrager/selger/arvelater på følgende måte:
Jeg er overdragars: (fyll ut – eks. "sønn")

Med sikte på å redusere næringslivets oppgaveplikter, kan opplysninger som avgis i dette skjema i medhold av lov om Oppgaveregisteret §§ 5 og 6, helt eller delvis bli benyttet også av andre offentlige organer som har hjemmel til å innhente de samme opplysningene. Opplysninger om eventuell samordning kan fås ved henvendelse til Oppgaveregisteret på telefon 75 00 75 00.

Vedlegg 3.

Anders Gjøstein

Fra: Anders Gjøstein
Sendt: onsdag 14. mars 2018 15:15
Til: 'Guro Klyve'
Emne: SV: Spørsmål knytt til gnr 53/5 og 53/1/3 i Voss kommune
Vedlegg: LDIR-359_N konsesjonsøknad.pdf

Har vurdert tilsendt materiale. I tråd med tilråding frå jurist har Voss kommune bestemt at at grunneigedomen 53/5 må underleggjast konsesjonshandsaming i tråd med gjeldande regelverk.

HFK fekk heimel til egedomen med utgangspunkt i eigenfråsegn der HFK gir uriktig opplysning. Hadde HFK gitt riktig opplysning (som HFK hadde på tidspunkt mars 2016, jf avtale med Gjeråker) ville svaret frå Voss kommune vore saka må til konsesjonshandsaming av di

Matrikkeleining 53/5 etter dagens regelverk er underlagt konsesjon . Egedomen er om lag 14 da stor og består av LNF areal og er ubebygd.

Matrikkelkartet i området er feil av di matrikkeleininga 53/1/3 ikkje er plassert i kartet og kommunen stola på at kartet var riktig og dermed vart det gjort ein feil.

Bygningen står på matrikkeleininga 53/1/3. Fram til 2016 stod 53/5 med Asle Gjeraker som heimelshavar og HFK som festar.

Sender med skjema for søknad om konsesjon. All konsesjonshandsaming i Voss er underlagt politisk votum i Utval for Næring og tiltaksarbeid.

Fyrste møte er 24. april og då må søknaden vera kommunen i hende etter påske.

Venleg helsing

Anders Gjøstein
Avdelingsleiar
Mob. 95262093